

STATENS VEGVESEN  
Postboks 8142 Dep  
0033 OSLO

Dato: 14.09.2018  
Vår ref.: 2018/11213-3  
Saksbehandlar: torrods  
Dykkar ref.:

## **Klage over avslag på søknad om dispensasjon frå byggjegrensa for gnr 43 bnr 321 i Austevoll kommune**

Vi viser til dykkar brev av 22.05.18 med oversending av klage på dykkar vedtak av 13.03.18 i høve nemnde sak.

Klagenemnda gjorde i møte 11.09.18 følgjande vedtak:

**Klage av 05.04.18 frå Inger Aud Drønen, over SVV sitt vedtak av 13.03.18 om avslag på søknad av 26.01.18 frå XL BYGG Austevoll Trelast AS på vegne av klagar, vert ikkje teke til følgje.**

Vedlagt følgjer kopi av utdrag frå møteprotokollen og fylkesrådmannen sitt saksframlegg. Saksframlegget er grunngevinga for vedtaket.

Vi ber dykk orientere klagar om vedtaket.

Tor Harald Rødseth  
Seniorrådgjevar  
e. f.

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Arkivnr: 2018/11213-2  
Saksbehandlar: Tor Harald Rødseth

## Saksframlegg

### Saksgang

Klagenemnda 57/18 11.09.2018

Klagenemnda 57/18 11.09.2018

## Klage over avslag på søknad om dispensasjon frå byggjegrensa for gnr 43 bnr 321 i Austevoll kommune

### Samandrag

Saka gjeld klage over Statens vegvesen (SVV) sitt vedtak om å avslå søknad om dispensasjon frå byggjegrensa for gnr 43 bnr 321 i Austevoll kommune. Klagegrunnlaget er fagleg usemje med SVV. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at klagar har lagt fram grunnlag for å trekkje fagetaten si faglege vurdering i tvil. Fylkesrådmannen har heller ikkje merknader til vurderinga, eller SVV si sakshandsaming. Fylkesrådmannen rår difor til at klaga ikkje vert teke til følgje.

**Økonomi:** Det er kostnadsdrivande å gje løyve for etablering av nybygg i område som kan bli eksproprierte i samband med vegutbygging.

**Klima:** Inga verknad.

**Folkehelse:** Den planlagte vegutbygginga vil vere positiv for trafikktryggleiken.

**Regional planstrategi:** Inga verknad.

### Forslag til vedtak

Klage av 05.04.18 frå Inger Aud Drønen, over SVV sitt vedtak av 13.03.18 om avslag på søknad av 26.01.18 frå XL BYGG Austevoll Trelast AS på vegne av klagar, vert ikkje teke til følgje.

### Saksprotokoll i klagenemnda - 11.09.2018

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke mot 1 røyst (Frp).

### Vedtak

Klage av 05.04.18 frå Inger Aud Drønen, over SVV sitt vedtak av 13.03.18 om avslag på søknad av 26.01.18 frå XL BYGG Austevoll Trelast AS på vegne av klagar, vert ikkje teke til følgje.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 23.08.2018****Bakgrunn**

Klagenemnda har i brev av 22.05.18 frå Statens vegvesen (SVV) fått oversendt klage av 05.04.18 ('klaga') frå Inger Aud Drønen ('klagar') over SVV sitt vedtak av 13.03.18 ('vedtaket') om avslag på søknad av 26.01.18 frå XL BYGG Austevoll Trelast AS på vegne av klagar ('søknaden'). Klagenemnda er klageinstans.

**Søknaden**

Søknaden gjeld dispensasjon frå byggjegrensa for å oppføre tilbygg og terrasse til eksisterande bustad på gnr 43 bnr 321 i Austevoll kommune med ein minste avstand frå nærmaste punkt på bygget til midten av vegen på 24,3 meter.

**Vedtaket**

Vedtaket lyder slik:

Med heimel i veglova §29, avslår vi søknaden om dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 152 for å oppføre tilbygg (soverom) og terrasse på gnr.43 bnr.321 i Austevoll kommune.

**Saksopplysningar til vedtaket**

Veglova § 29 lyder slik:

Langs offentleg veg skal det vere byggegrensar fastsette med heimel i denne lova, dersom ikkje anna følgjer av arealdel av kommuneplan eller reguleringsplan etter plan- og bygningsloven. Byggegrensene skal ta vare på dei krava som ein må ha til vegsystemet og til trafikken og til miljøet på eigedom som grensar opp til vegen og medverke til å ta vare på miljøomsyn og andre samfunnsomsyn.

Byggegrensene skal gå i ein avstand på 50 meter frå [...] fylkesveg [...]. [...]

[...] For fylkesveg kan fylkeskommunen for særskilt fastsette strekningar sette ein større avstand enn den som er nemnt i andre ledd, likevel ikkje større enn 50 meter.

For fylkesveg kan fylkeskommunen for særskilt fastsett strekning sette byggegrensa til ein mindre avstand enn den som er nemnt i andre ledd, likevel ikkje mindre enn 15 meter.

[...]

Fylkestinget har i 2017 – 2020 *Rammeplan for avkøyrslar med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrensar for riks- og fylkesveg i Region vest* ('rammeplanen'), i medhald av nemnde § 29 i veglova 3. og 4. ledd over, fastsett vegstrekningar med anna byggegrense enn hovudregelen på 50 meter i veglova § 29 2. ledd.

I rammeplanen heiter det m.a følgjande:

Føremålet med byggegrensene er i hovudsak å ivareta omsynet til:

- Trafikksikkerheit
- Miljø
- Areal for drift, vedlikehald og utbetring
- Naudsynt areal for utvikling av vegen

Rammeplanen er retningslinjer for Statens vegvesen si utøving av fagleg skjøn og den sakshandsaminga som kjem i tillegg til forvaltningslova. Den gjeld for Hordaland, Sogn og Fjordane og Rogaland, Det er ei målsetjing i planen å sikre lik handsaming av saker på grunnlag av retningslinjene.

Retningslina byggjer på ei inndeling av fylkesvegnettet i fire 'haldningsklassar'. Desse gjev konkret grunnlag for vurdering, av kva klasse den einkilde vegen er gjeve. Om haldningsklassa som fylkesveg 152 er plassert i (gul) heiter det i rammeplanen følgjande:

- Byggjegranser [er] 50 meter
- Det vert vanlegvis ikkje gjeve dispensasjon utan at det føreligg ein Reguleringsplan

#### **Kriterium som kan gje unntak i særskilte høve<sup>1</sup>:**

Der det er tilrettelagt med gang- og sykkelveg, busshaldeplass og fartsgrense 70 km/t eller lågare, kan søknad om dispensasjon frå byggjegransa vurderast. Støykrava i byggtknisk forskrift skal oppfyllast.

#### **Grunngjeving**

SVV grunngjev vedtaket sitt m.a slik:

Det er starta opp eit reguleringsplanarbeid for Områdereguleringsplan for Storebø sentrum (Arealplan-ID: 20150016) der det er framlegg om flytting og av fylkesvegen og opparbeiding av gang- og sykkelveg langs fylkesvegen som fører til at avstanden frå tilbygget og terrassen vert ca. 15 meter og 10,0 meter til senterlinja på fylkesvegen. I framlegget til områdeplan for Storebø sentrum er det lagt opp til ei byggjegrænse på 30 meter i forhold til fylkesveg 152 for bustadområdet BKS 1 som den aktuelle eigedomen ligg innanfor.

Dette er etter vår vurdering alt for nært opptil fylkesvegen til at vi kan gje dispensasjon frå byggjegransa til fylkesveg 152 slik det er søkt om. Då det er ein områdeplan under utarbeiding og handsaming er vegen er flytta nærmare den aktuelle eigedomen finn vi det uheldig å gje dispensasjon frå byggjegransa før denne planen er endeleg avklara. Vi finn det og uheldig at det vert søkt om tilbygg til eit soverom så nært inntil framtidig vegløyning.

#### **Klaga**

Klaga inneheld m.a følgjande ordlyd:

[...]

Det er snakk om 3,2 meter lengre mot nord enn eksisterende soverom. Eg kan ikkje heilt sjå hvordan 3,2 meter kan være en god begrunnelse for avslag på dispensasjon for tilbygg til soverom. Dersom dere har sett på beliggenheten til huset i terrenget vil dere se at det verken er til hinder eller sjenanse for evt trafikk på RV 152.

For ordens skyld legger jeg ved et bilde av beliggenheten. Vedlegg 1 og 2. Som dere kan se, utifra kartene vil verken en større terrasse (det er jo allerede bakke der i dag. Her er det på en måte bare snakk om å legge material oppå. Det er snakk om 1,5 meter lengre ut enn eksisterende terrasse.) eller soverom være til hindring for trafikksikkerheten. Det er så passe stor stigning i terrenget her at veien befinner seg flere meter nedforbi huset. Ta en tur med googlemap street view, du ser ikke huset fra eksisterende vei. Den nye veien vil komme noe nærmere men en terrasse og et soverom vil ikke være til hinder for trafikktryggleik, vedlikehold eller drift av vegnett. Det ville nok være upraktisk å utvide vegen mer den veien så et mulig arealbehov kan nok utelukkes.

Med tanke på trafikk støy som eg rekner med også har vert et tema må det nesten være opp til tiltakshaver om det er til bry eller ikke.

<sup>1</sup> Skrifta utheva i rammeplanen.

[...]

**SVV si vurdering av klaga**I SVV si vurdering av klaga finn ein m.a følgjande ordlyd<sup>2</sup>:

[...]

Statens vegvesen region vest har vurdert søknaden og klagen med bakgrunn i:

- Vegloven
- Rammeplan for avkjørsler og byggjegranser på riks- og fylkesvegar i region vest 2013-2016

Fylkesrådmannen vil her opplyse om at det ikkje er gjort gjeldande at rulleringa av rammeplanen i 2017 er relevant for saka, noko heller ikkje fylkesrådmannen kan sjå.

Vegloven

Etter vegloven § 29 første ledd siste punktum, skal byggegrensene «... ta vare på dei krava som ein må ha til vegsystemet og til trafikken og til miljøet på eigedom som grenser opp til vegen og medverke til å ta vare på miljøomsyn og andre samfunnsomsyn».

Dette innebærer at byggegrensene skal ivareta hensynet til:

- Trafikksikkerheten
- Vegvedlikeholdet og driften av vegen
- Arealbehovet ved utbedring av vegen
- Miljøet langs vegen.

Avslaget på dispensasjon fra byggegrense i denne saken er gitt ut i fra hensynet til **arealbehov ved utbedring av vegen**.

I forarbeidene til vegloven er det gitt uttrykk for at hensynet til «den utbyggingen av vegene som forestår» er en viktig begrunnelse for byggegrensebestemmelsene. Dersom ny fylkesveg som vist i forslag til områdeplan for Storebø skal kunne opparbeides er det svært sannsynlig at omsøkte eiendom må tas i bruk som anleggsområde. Det er relativt store høydeforskjeller her og etablering av ny veg vil kreve et anleggsbelte av en viss størrelse. Ettersom høye skjæringer må drives/etableres fra toppen, kan det være behov for anleggsbelte på oppsiden av skjæringen, inn mot bolighuset.

Eksisterende bygninger et kompliserende og fordyrende moment ved utbygging av nye veger. Det er på denne bakgrunn av stor betydning at det ikke etableres nye hindringer av denne typen. Omsøkte tilbygg vil komplisere og fordyre gjennomføringen av ny fylkesveg.

Det er lite sannsynlig at ny veg i seg selv vil være til hinder for omsøkte tiltak, men vegen kan ikke opparbeides uten anleggsområder rundt. Statens vegvesen vil trolig ikke motsette seg omsøkte tiltak etter at vegen er etablert. Vi vil heller ikke motsette oss at huset utvides i bakkant.

Rammeplan for avkjørsler og byggjegranser på riks- og fylkesvegar i Region vest

I rammeplanen for avkjørsler og byggjegranser er fylkesvegen forbi omsøkt avkjørsel vist med holdningsklasse 2. Det innebærer blant annet at:

- Byggegrense 50 meter
- Viktig hovedveg (regional og overordna lokal funksjon)
- Det blir vanligvis ikkje gitt dispensasjon utan at det foreligger reguleringsplan

---

<sup>2</sup> Skrift understreka, kursivert og utheva av SVV.

Fv 152 har en streng holdningsklasse og rammeplanen legger ikke opp til at det skal gis dispensasjon fra byggegrense nærmere enn 30 meter fra denne typen veg uten at det er vurdert gjennom en reguleringsplan. Når Austevoll kommune har vurdert byggegrense til 30 meter fra senterlinje veg i forslag til områdeplan for Storebø, er dette et tungt argument mot at det gis dispensasjon av Statens vegvesen etter vegloven før planprosessen etter plan og bygningsloven er avklart.

[...]

På grunnlag av denne nye vurderinga rår SVV til at klaga ikkje vert teke til følge.

#### **Fylkesrådmannen si vurdering**

Klagar har ikkje merknader til at SVV sitt vedtak har heimel i veglova. Det har heller ikkje fylkesrådmannen.

Klagar er ikkje samd med SVV si faglege vurdering. Klagar har ein subjektiv interesse at eit bestemt utfall i saka, og ikkje dokumentert fagkompetanse. SVV er ein nøytral fagetat med brei dokumentert kompetanse. Etter fylkesrådmannen si vurdering må SVV sine vurderinger vege langt tyngre enn vurderingane til einskildpersonar med eigeninteresser. SVV har vurdert saka to gonger og kome til same konklusjon. Fylkesrådmannen finn at denne er godt grunngjeve, er i samsvar med retningslinene i rammeplanen. Fylkesrådmannen har ikkje grunnlag for å trekkje SVV si faglege vurdering i tvil.

Fylkesrådmannen finn at SVV si vurdering er i samsvar med retningslinene. Fråvik frå retningslinene av omsyn til einskildpersonar er i strid med det ulovfesta prinsippet om likskap i forvaltinga. Fylkesrådmannen finn det er positivt at SVV framleis utelukkande held seg til det faglege i si vurdering, og ikkje gjer vurderingar som ikkje er tekne inn i lova eller retningslinene. Fylkesrådmannen finn heller ikkje andre feil eller manglar ved SVV si sakshandsaming, vurdering, vedtak eller grunngjeving.

På grunnlag av ovannemnde vurdering rår fylkesrådmannen til at klaga ikkje vert teke til følge.